



Sakshandsamar: Terje Øvrebø
Telefon: 57643078
E-post: fmsftov@fylkesmannen.no

Vår dato
23.02.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/111- 422.1
Dykkar referanse

Ole M. Fuhr, Øyri, 6872 LUSTER
Anna Åsen, Lustravegen 3341, 6872 LUSTER
Luster kommune, pr. EDU

Luster kommune - gnr. 30 bnr. 1 og gnr. 43 bnr.2, uttak av grunnvatn til Nye Dale vassverk - konsesjon

Vi viser til Luster kommune si oversending av 05.01.2017, som gjeld uttak av grunnvatn til Nye Dale vassverk.

Av oversendinga går det fram at kommunen, som er tiltakshavar, ved skriv av 19.12.2016 søkte NVE om konsesjon i medhald av vassressurslova § 8, for uttak av minst 15-20 m³/t grunnvatn frå Kvåle, til fordel for Nye Dale vassverk.

I samband med søknaden har kommunen inngått avtale med eigarane av gnr. 30 bnr. 1 og gnr. 43 bnr. 2, om restriksjonar på bruken av areala i nærleiken av grunnvasskjelda og brønnane som inngår i planen.

Det er tale om tre typar klausuleringssoner. På gnr. 30 bnr. 1 gjeld det:

Sone 0: ca. 1, 3 daa. Skal gjerdast inne, og kan ikkje brukast av grunneigar

Sone 1: ca. 1,0 daa. Restriksjonar på gjødsling, sprøyting og pløying

Sone 2: ca. 1,4 daa. Forbod mot m.a. etablering av gravplass og bruk av giftstoff og vegsalt.

Av det omfatta arealet er til saman ca. 2,5 daa fulldyrka jord

På gnr. 43 bnr. 2:

Sone 2: ca. 750m²

Berre ein liten del av dette arealet er dyrka.

Så langt vi kan sjå er ikkje avtalene tidsavgrensa.

Ved vårt vedtak av d.d. i sak nr. 2017/113 er avtalene godkjent i medhald av delingsføresegnene i jordlova § 12.

Kommunen reknar med at tiltaket kan vere omfatta konsesjonslova sitt verkeområde. Sidan Luster kommune er tiltakshavar og planlagd eigar av vassverket, er saka sendt til Fylkesmannen for avgjerd, i tråd med gjeldande delegasjonsreglement.¹

I følgje konsesjonslova §§ 2 og 3 er avtale som reduserer eigaren sitt høve til å rå over eller å få det økonomiske utbyttet av heile eller ein del av sin eigedom, avhengig av konsesjon dersom avtala er stifta for meir enn 10 år. Lova inneheld ei rekkje unntak frå konsesjonsplikta, men ingen av desse får

¹ Landbruksdepartementets vedtak av 08.12.2003

verknad for eit tilfelle som dette, jf. § 4 og 5.

Sjølv om det ømsøkte tiltaket vil ha moderat innverknad på eigedomen sitt avkastingspotensiale, inneber det likevel at eigaren av gnr. 30 bnr. 1 mellom anna seier frå seg retten til å disponere over eit areal på 1,3 daa, og at bruksnyttan av resten av det omfatta arealet vert redusert. Vi meiner difor at avtala som gjeld gnr. 30 bnr. 1 er omfatta av konsesjonsplikta. Under noko tvil er vi komne til at også avtala mellom kommunen og eigar av gnr. 43 bnr. 2 er omfatta.

På den andre sida er det lite truleg at eit tiltak som dette kan føre til arealbrukskonflikter eller andre, liknande ulemper for landbruksdrifta i området i nemnande grad. Det er tale om ei forsiktig bandlegging av mindre areal til fordel for eit viktig, samfunnsnyttig tiltak, og avtalene bør difor kunne godkjennast i medhald av §§ 2 og 3 i konsesjonslova, jf. § 1, føremålsparagrafen, som slår fast at hovudmålet med lova er å skape *«slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet.»*

Vedtak

I medhald av jordlova § 12 og i tråd med internt delegasjonsreglement, gjev landbruksdirektøren Luster kommune/Nye Dale vassverk konsesjon på avtale av 11.12.2015 om klausulering av areal på gnr. 30 bnr. 1 og avtale av 07.01.2015 vedkomande gnr. 43 bnr. 2, i samband med uttak av grunnvatn til Nye Dale vassverk.

*

Dette vedtaket kan du klage på. Klagefristen er tre veker frå dette brevet kom fram, og ei eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavdelinga, Postboks 14, 6800 Førde.

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om klage og klagerett.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Terje Øvrebø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.